

KOMMISJONSAVGJERD**2015/EØS/76/71****av 25. mai 2010****om endring av vedtak 2001/672/EF med omsyn til tidsromma for flytting av storfe til sommarbeiteområde***[meld under nummeret K(2010) 3188]*

(2010/300/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1760/2000 av 17. juli 2000 om opprettelse av et system for identifikasjon og registrering av storfe og om merking av storfekjøtt og storfekjøtprodukter og om oppheving av rådsforordning (EF) nr. 820/97⁽¹⁾, særleg artikkel 7 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I forordning (EF) nr. 1760/2000 er det fastsett eit system for identifisering og registrering av storfe med sikte på å sikre klarleik i vilkåra for produksjon og marknadsføring av storfekjøtt og produkt av storfekjøtt. For det føremålet er det eit krav i forordninga om at medlemsstatane skal skipe nasjonale storfedatabasar for registrering av identiteten til dyr, alle driftseiningane på territoriet til medlemsstaten og flytting av dyr. I tillegg vert dyrehaldarane pålagde å melde frå til dei rette styresmaktene om mellom anna alle flyttingar til og frå driftseininga saman med datoane for desse flyttingane, innan ein frist som er fastsett av medlemsstaten, på mellom tre og sju dagar etter flyttinga.
- 2) I forordninga er det fastsett at Kommisjonen på oppmoding frå ein medlemsstat kan utvide den siste fristen og fastsetje særlege reglar for ulike fjellområde, noko som var gjort ved kommisjonsvedtak 2001/672/EF av 20. august 2001 om særlege reglar for flytting av storfe når dei vert sett på sommarbeite i fjellområde⁽²⁾.
- 3) I medhald av synsmåte 4 i vedtak 2001/672/EF må desse særlege reglane føre til ei faktisk forenkling og berre omfatte føresegner som er heilt naudsynt for å sikre full drift av den nasjonale storfedatabasen.
- 4) Vedtak 2001/672/EF gjeld for slike flyttingar i tidsrommet frå 1. mai til 15. oktober. Praktiske røynsler med bruken av det vedtaket har vist at i visse fjellområde startar flyttinga

til sommarbeiteområde allereie i april. Verkeområdet til vedtak 2001/672/EF bør difor endrast for å ta omsyn til dette.

- 5) Under visse tilhøve kan tida det tar når dyr vert flytte frå ulike driftseiningar til det same sommarbeitet i eit fjellområde, strekkje seg over meir enn sju dagar. For å minske unaudsynlege administrative byrder, bør difor fristane i vedtak 2001/672/EF tilpassast for å ta omsyn til slike tilfelle utan at det går ut over høvet til sporing.

- 6) Vedtak 2001/672/EF bør difor endrast.

- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for landbruksfonda —

TEKE DENNE AVGJERDA:*Artikkel 1*

I vedtak 2001/672/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 1 vert «1. mai» bytt ut med «15. april».
2. Artikkel 2 nr. 4 skal lyde:

«4. Opplysingane i den lista som er nemnd i nr. 2 skal meldast til den rette styresmakta i samsvar med artikkel 7 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1760/2000 seinast 15 dagar etter at dyra er flytta på beite.»

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 25. mai 2010.

For Kommisjonen

John DALLI

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 127 av 26.5.2010, s. 19, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 61/2011 av 1. juli 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 54 av 6.10.2011, s. 13.

(¹) TEF L 204 av 11.8.2000, s. 1.

(²) TEF L 235 av 4.9.2001, s. 23.